
Søkjar

Institusjonsopplysningar

Institusjonsnamn	Vestland fylkesbibliotek
Institusjonen si e-postadresse	elin.golten@vlfk.no
Postadresse	Postboks 7900
Postnummer	5020
Poststad	Bergen
Leiar av institusjonen	
Fornamn	Elin
Etternamn	Golten
Telefon	47 237 315
E-post	elin.golten@vlfk.no

Er leiar for institusjonen kontaktperson for Ja
prosjektet?

Søknadstype

Vel søknadstype

Søknadstype	Innsatsområde
Innsatsområde	• Demokrati og ytringsfridom

Prosjekt

Beskriv prosjektet

Prosjekttittel	1. april heile året. Digital tryggleik for eldre på biblioteket
Mål	Effektmål: - Styrke folkebiblioteka sin rolle som del av den digitale beredskapen - Utvikle evna til refleksjon, kritisk tenking og digital dømmekraft hos den eldre delen av befolkninga - Legge grunnlag for at fleire kan vere digitalt sjølvhjulpne Resultatmål: - Utvikle og prøve ut interaktiv utstilling om kjeldeforståing, kjeldekritikk og kjeldebruk retta mot eldre med låg digital dugleik og kompetanse - Utvikle opplegg for opplæring som del av utstillinga - Prøve ut utstilling og opplæring i bibliotek i fylket

Prosjektskilddring

Samandrag

Ved å utvikle og prøve ut interaktiv utstilling om kjeldeforståing, kjeldekritikk og kjeldebruk retta mot eldre med låg digital dugleik og kompetanse, vil vi bygge vidare på dei vellukka erfaringane med "Jakta på sanninga" og samarbeidet med Tenk.no. Gjennom heilskapleg opplegg der eldre kan teste seg sjølv i trygge rammer på biblioteket, kan fleire kome i gong med andre eksisterande sjølvhjelpsressursar for digital opplæring. På denne måten kan ei interaktiv utstilling vere med å bøte på den manglande kapasiteten kommunane har til å styrke dei eldre innbyggjarane sitt behov for auka digital kompetanse og tryggleik.

Bakgrunn

Digdir estimerer at om lag 20 prosent av den vaksne befolkninga er sårbare i møte med offentlege digitale tenester, og den største delen av desse er eldre. Folkebiblioteka har ei sentral rolle i å styrke den digitale beredskapen. Dagleg rettleier bibliotektilsette eldre brukarar om ulike digitale utfordringar i eit stadig endra informasjonslandskap. For mange er folkebiblioteka ein trygg stad dei får hjelp til digitale offentlege og private tenester, som er heilt sentrale for å meistre kvardagen. Mange bibliotektilsette peikar på behovet for metodar for å hjelpe fleire. Sjå fullstendig skilddring av bakgrunn i vedlegget.

Kjeldebevisstheit for digitalt sårbare eldre

Å utvikle evna til refleksjon, kritisk tenking og digital dømmekraft blir stadig viktigare i arbeidet med digital inkludering. Digitalt sårbare eldre er ekstra utsett for påverknad og utnytting. Utviklinga med generativ KI i tillegg til det urolege verdsbildet, gjer mange særleg uroa for digitale utfordringar. I denne målgruppa kan det føre til at dei heller lar vere, enn å prøve seg på eige hand. Med grunnleggjande kjeldekritikk og kjeldetillit kan fleire bli rusta for å gå vidare i å meistre digitale offentlege og private tenester i kvardagen. Utan dette vil mange aldri bli digitalt sjølvhjulpne.

Kvalitetssikra oppdatert innhald i samarbeid med Tenk.no

I dette prosjektet vil Tenk utvikle oppdaterte og tilpassa ressursar om kjeldebevisstheit for eldre med låg digital kompetanse. Innhaldet må tilpassast både i forma og i høve kva som er aktuelt og relevant for denne målgruppa, og kan også bygge vidare på biblioteket som ein sosial møteplass. I utgangspunktet foreslår dei to læringsløyper; ei for e-post og offentleg digital kommunikasjon, samt ei for sosiale medium. I tillegg vil dei utvikle ein samtaledel der dei som gjennomfører utstillinga får ulike konkretar som støtte for ein god metasamtale rundt digital tryggleik. Målet er å skape tillit til sikre kjelder med til dømes offentleg informasjon, og kritisk sans til usikre kjelder med til dømes svindel og propaganda. Gjennom ei overbygging (t.d. film og tekst) som gir kunnskap om endringane i informasjonslandskapet i ei uroleg verd, kan ein trygge denne målgruppa i at det er fullt mogleg å lære seg metodar for digital beredskap.

Tenk i samarbeid med Back vil stå for utstillingsløyisinga. Ved å bruke nettbrett/skjerm i staden for tilpassa modular, vil dei utvikle ei fleksibel og rimeleg løysing som er enkel for fleire å ta i bruk, og godt tilpassa denne målgruppa

Austevoll kommune

Austevoll kommune har brei erfaring i å drive digital kompetanseheving for eldre og andre, i regi av folkebiblioteket. Sidan 2021 har Odd Harald Opdal (tilsett som bibliotekleiar frå april 2025) hatt samlingar kvar veke for eldre. I tillegg til samlingane kan ein få ein-til-ein-hjelp. Satsinga har vore finansiert gjennom Seniornett Austevoll, E-helse Vestland og KMD, i tillegg til kommunen. Frå 2023 har dei hatt ei 20% prosjektstilling og frå 2024 blei det ei fast 20% stilling i kommunen. Opdal koordinerer, planlegg og gjennomfører to økter kvar veke, ei for eldre på biblioteket og ei for andre vaksne på frivillighetssentralen. Han samarbeider også breitt med offentlege og private aktuelle tenestetilbydarar, som er inne i nokre av øktene og presenterer tenestene sine.

Austevoll bibliotek i samarbeid med frivillige (KS Digihjelpen 21.10.22)

Norge rundt med base frå Seniorsurferen: Norge Rundt - NRK TV

Austevoll kommune er ein viktig ressurs for erfaringsdeling i Vestland og elles i landet i arbeidet med digital inkludering. I dette prosjektet kan vi spele vidare på den breie kunnskapen og erfaringane dei har med organisering, samarbeid, marknadsføring osv. til ulike målgrupper.

Odd Harald Opdal har merka seg uroa for utviklinga med KI særleg hos dei eldre, og behovet for å trygge dei. I opplæring kring kjeldebevisstheit og svindelforsøk i ulike informasjonskanalar har han introdusert uttrykket "Tenk litt som om det er 1. april heile året". Ver litt skeptisk, men ikkje la ver å prøve. Det er enklare enn du kanskje trur å vere trygg digital brukar.

Prøve ut utstilling og opplæring i bibliotek i fylket

Gjennom samarbeid med Austevoll kommune, kan vi prøve ut utstillinga med ulike tilpassa opplegg, og bygge vidare på deira satsing.

På same måte som kompetanseheving av bibliotektilsette i opplegget og formidlinga av utstillinga og

tema i seg sjølv har vore sentralt i å tilby “Jakta på sanninga”, vil vi drive opplæring i å tilby og ta i mot denne nye utstillinga.

Nettkurset “Digital kildebevissthet i biblioteket” er eit godt grunnlag for å heve bibliotektilsette sin kompetanse i og formidling av kjeldebevisstheit til ulike målgrupper. Gjennom diskusjonssamlingar i nettkurset erfarer vi at enkle ferdige opplegg kan hjelpe fleire bibliotektilsette til å setje i gong med aktivitetar. Likevel er det stort behov for enno meir heilskaplege ferdige opplegg.

Med opplegg og tilpassing mot digitalt sårbare eldre med ulike utfordringar og nivå, kan utstillinga vere godt grunnlag for å vise veg vidare inn i eksisterande sjølvhjelpsressursar for digital opplæring, og generelt gjere fleire i stand til å meistre den digitale kvardagen.

Profil og marknadsføring

Materiale vil ha Tenk sin profil og dette blir ein del av deira samla formidlingsmateriale som bibliotek og andre kan nytte.

I tillegg er ein marknadsføringskampanje inkludert i prosjektet med nettkurset “Digital kildebevissthet i biblioteket”, som blir utarbeida no våren 2025. Målet med kampanjen er å setje fokus på kjeldebevisstheit og vise brukarane at dei kan kome på biblioteket for å auke kunnskapen om dette og få hjelp. Kampanjen vil vere ei styrke i å nå ut også til den eldre befolkninga, og kan brukast også i nye prosjekt som dette.

Deling og kunnskapsoverføring

Læringsopplegg og materiale kring utstillinga vil ligge på Tenk.no og kan delast frå Kompetansebanken.

Med fleksible verktøy i staden for eigenproduserte modular, kan utstillinga spreiest til fleire på enkel og rimeleg måte.

På same måte som “Jakta på sanninga” vil vi lage turneplan for deling av utstillinga til biblioteka i fylket og evt. fleire som ønskjer den.

Vi vil drive kunnskapsoverføring i nettverka med dei andre fylkesbiblioteka og elles kanalar og møtestadar for bibliotektilsette i Noreg.

Bibliotekutvikling Vestland og Austevoll bibliotek har delteke og delt erfaringar på fleire fysiske og digitale samlingar i regi av KS Digihjelpen. Dette prosjektet er naturleg å spreie også i dette nettverket og deira kanalar.

Vi har også god erfaring med at samarbeid med Tenk.no gir oss drahjelp i setje søkelys på biblioteka sin rolle i digital beredskap, og vil bygge vidare på dette i nye prosjekt.

Framdriftsplan

Prosjektet er

Eitårig

Aktivitetsplan for prosjektet

Skildring

Utarbeide to læringsløyper i eigna verktøy.

Aktivitetsperiode

Fra dato

10.08.2025

Til dato

31.10.2025

Skildring

Utarbeide opplæring for tilsette i bibliotek som skal ta i bruk ressursen.

Aktivitetsperiode

Fra dato

03.11.2025

Til dato

12.01.2026

Skildring

Teste ut ressursen med seniorgruppe på Austevoll bibliotek, eventuelt fleire frå målgruppa. Eventuelt gjere justeringar i forhold til innhald eller utforming.

Aktivitetsperiode

Fra dato

01.12.2025

Til dato

02.02.2026

Skildring	Utarbeide utstillingsmateriell som brosjyrer og plakater.
-----------	---

Aktivitetsperiode

Fra dato	02.02.2026
Til dato	31.03.2026

Skildring	Deling og kunnskapsoverføring
-----------	-------------------------------

Aktivitetsperiode

Fra dato	01.04.2026
Til dato	10.08.2026

Andre opplysningar

Andre opplysningar/kommentarar om
framdrifts-/aktivitetsplan

Budsjett

Prosjektår

Søknadsbeløp frå Nasjonalbiblioteket	500 000
--------------------------------------	---------

Andre inntekter

Skildring	Vestland fylkeskommune - eigeninnsats. Koordinering, samarbeid rundt utarbeiding av ressurs.
-----------	--

Beløp	260 000
-------	---------

Skildring	Austevoll kommune - eigeninnsats. Samarbeid rundt utvikling av ressurs, utprøving i bibliotek.
Beløp	30 000
Skildring	Eigne midlar - frå Vestland fylkeskommune/andre tilskot
Beløp	50 000
Inntekter totalt	840 000
Utgifter	
Skildring	Utvikling av innhald til ny ressurs.
Beløp	550 000
Skildring	Prosjektleiing og arbeid i fylkeskommunen.
Beløp	260 000
Skildring	Arbeidsinnstas samarbeidskommune - samarbeid om utvikling og utprøving av ressurs.
Beløp	30 000
Utgifter totalt	840 000
Totalt	0

Samarbeidspartnarar

Har du samarbeidspartnar(ar)? *

Ja

Namn

Tenk.no

Beskriv samarbeidet

Utvikle innhald i eigna verktøy.

Namn

Austevoll folkebibliotek

Beskriv samarbeidet

Bidra til utvikling av innhald og utprøving av opplegget med lokal seniorgruppe på sitt bibliotek.

Vedlegg

Last opp vedlegg

- [Digital tryggleik for eldre på biblioteket_heile prosjektskildringa.docx](#)

Samandrag og innsending